

---

**Fra:** Post Austrheim  
**Sendt:** tirsdag 19. desember 2017 11.10  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** VS: Forvaltning av hjortebestand 2013-2017

---

**Fra:** arve aarhus [<mailto:aaarh@online.no>]

**Sendt:** tirsdag 19. desember 2017 10.53

**Til:** Stord kommune; Post Austrheim; kvam kommune; odda kommune; bergen kommune; sund kommune; ulvik kommune; fjell kommune; askøy kommune; Postmottak Modalen; eidfjord kommune; Lars Johan Fjelde; øygarden kommune; kvinnherad2 kommune; kvinnherad kommune; etne kommune; Nils Kaalaas; Postmottak Austevoll; børnlo kommune; granvin kommune; Ottar Myrtveit; fusa kommune; jondal kommune; Marius Flemmen Knudsen; ullensvang kommune; fitjar kommune; tysnes kommune; suldal kommune; hjelmeland kommune; strand kommune

**Kopi:** fk hordaland; Finn Olav Myhren

**Emne:** Forvaltning av hjortebestand 2013-2017

Hei alle saman.

Prosjektet var tenkt avslutta nå ved nyttårsskiftet, men vi ligg litt etter på ressursbruken og fortset også i 2018. Nokre område har gått litt trått og teke lenger tid enn forventa. Det blir prioritert på å få ført fram til søkerdags også for desse områda for dei valda som vil. Forventa sluttføring blir då sommaren 2018, slik at vi får med oss vintersesongen nå. Reknar med det meste er ferdigstilt til søkerdagsfristen nå i mai, også for dei siste områda.

Ellers vil det nå for de som er i drift vera viktig å syte for at bestandsplanområda gjer godt arbeid. Fleire av dei har signalisert at dei ønskjer kjøp av tjenester frå oss til sekretariat. Dette blir å løysa med søkerdags til viltfondet. Me håpar kommunane har høve til å finansiera så mykje som råd er, og at de lagar gode rutinar for spleislag for slikt på tverrs av kommunegrensene. Om dette er nytt i høve til tidlegare praksis med søkerdags til kvar kommune. Samarbeid er viktig også i kommuneverden.

Me ser at kritisk faktor i samarbeidet på grunneigarsida er at styra har fagleg støtte og hjelp. Samarbeid krever dialog og opne prosessar. Det faglege må vera på trygg grunn. Og dette blir røynt ganske hardt mange plassar. Både av medlemmar i samarbeidet fordi det dukkar opp nye måtar å gjennomføre på, og av dei som ikkje til no har meldt seg inn og enno er usikre. Dei må få gode og trygge svar. For dette er nytt, og krev tid til å falle på plass. Heldigvis har vi kunne etablere først og kan ta modninga etterpå. Eg trur det ville vere uoverkommelig å få til, om dette skulle vere gjennomført andre vegen..

I tillegg til å jobbe med analysearbeid og følgje utviklinga i høve til måloppnåing i bestandsplanane, skal styra leggje til rette for auka deltaking. Alle vald skal inviterast til samarbeid og informasjon kvart når innanfor årsleveområdet dei tilhører. Dette krev ganske mykje av styra, og vil sikkert krevja noko tilrettelegging frå kommunane også.

Vi i prosjektet kjem til å søkje ein "hale" frå dei sentrale viltforvaltningsmidlane – FK og Miljødir, også i 2018. Me forventar ikkje store summar, men litt. Som kan brukast til å sikre at det er tilbod om tjenestelevering til bestandsplanområda. Får vi tilslag så vil det redusere søkerdagen til dei kommunale viltfonda. Men merk at prosjektet ikkje søker viltfonda direkte fom 2018. Søkerdane der kjem til å komme frå bestandsplanområda og styra der. Dei skal sjølve definere sine eigne behov og omfanget og ambisjonsnivået dei vil jobbe etter, og sjølve finne ut korleis det blir løyst. Men ver klar over at det krev finansiering uansett, og ta imot søkerdane med opne armar og støtt opp så godt de kan. Det vil vera viktig suksesskriterie for framtida å få etablert gode driftsordningar nå.

Ta kontakt om noko er uklart

Med ønskje om god jul og godt nytt år

Arve Aarhus  
Prosjektleiar  
Vestskog SA  
47750258  
[aaarh@online.no](mailto:aaarh@online.no)